


Årsmelding 2022



1 Innhald

1	INNHALD	1
2	INNLEIING	2
3	REPRESENTANTSKAP OG STYRE	2
3.1	REPRESENTANTSKAP	2
3.2	STYRE	2
4	TILSETTE	3
5	ARBEIDSÅRET 2022	3
5.1	KONTROLLUTVALA.....	3
6	ØKONOMI	4
6.1	UTDRAG FRÅ REKNESKAP 2022	4
6.2	AVSLUTNING AV REKNESKAPEN.....	4
6.3	DISPOSISJONSFOND	4
6.4	PENSJON	4
6.5	RESSURSBRUK OG AVREKNING	5
7	ANDRE TILHØVE	5
7.1	PERSONVERN	5
7.2	ARKIVANSVAR	5
7.3	LIKESTILLING	6
7.4	ARBEIDSMILJØ	6
7.5	YTRE MILJØ	6
7.6	MEIR OM SELSKAPET	6

2 Innleiing

Frå og med 1.1.20 vart SEKOM sekretariat omdanna til kommunalt oppgåvefelleskap. Ut 2019 var selskapet heimla i § 27 i den gamle kommunelova. Eigarsamansetjinga vart endra med 9 eigarar i det nye selskapet mot 15 tidlegare.

Selskapet sitt føremål jf pkt 4 i samarbeidsavtala:

SEKOM er oppretta for å utføre sekretariattjenester for kontrollutvala i eigarkommunane. Selskapet skal syte for at kontrollutvala får naudsynt bistand til å utføre kontrollutvalsoppgåvene.

3 Representantskap og styre

3.1 Representantskap

Representantskapet er eigarane sitt organ med ein vald representant med vara frå kvar kommune. pr 31.12.22 er desse valde:

Kommune	Representant	Vara
Askvoll	Frank Ask	Tormod Ådlandsvik
Bremanger	Tor Inge Myrhol	Nina Grotle
Fjaler	Magnar Hellesøy	Harald Nyland
Gloppen	Beate Dybendal Nordvik	Bjarte Gangeskar
Gulen	Øyvind Lid	Aslak Nyhammer
Hyllestad	Kjell Eide	Geir Helge Nordstrand
Solund	Tom Færøy	Signe Bjorøy
Stryn	Sven Flo	Haldor Hove
Sunnfjord	Jenny Følling	Anne Lilleaasen

Endra representantskap

Det vart endring 28.10.21 som følgje av at Sunnfjord kommunestyre har vedteke at ordførar møter i representantskapet med varaordførar som vara. Då Olve Grotle fekk fritak frå verv i Sunnfjord kommune vart Jenny Følling valt som ordførar og Anne Lilleaasen som varaordførar.

Olve Grotle var leiar for representantskapet. I sak 02/22 den 4.5.22, vart Jenny Følling vart til ny leiar.

Saker for representantskapet

Saker som skal handsamast i representantskapet jf pkt 7 i samarbeidsavtala:

- Val av leiar og nesteleiar i representantskapet
- Val av styre
- Val av leiar og nestleiar i styret
- Budsjett, årsrekneskap og årsmelding etter framlegg frå styret
- Reglement for godtgjersle til representantskap og styre

3.2 Styre

Styret vart valt av representantskapet i sak 4/20 den 19.2.20. Alle medlemene og varamedlemene vart valt for ein ny 2-årsperiode av representantskapet i sak 03/22 den 4.5.22.

Leiar	Per Rune Vereide
Nestleiar	Inger Jorun Årseth
Styremedlem	Randi Gåsdal
Styremedlem	Frank Midtbø
Styremedlem	Merete Haugsdal

1. vara	Ørjar Eiken
2. vara	Ole Erik Thingnes
3. vara	Ingunn Sognnes
4. vara	Anders Rinde
5. vara	Arild Horsevik

Oppgaver for styret etter pkt 9 i samarbeidsavtala:

- Tilsetjing og oppseiing av tilsette i selskapet
- Løns- og arbeidsvilkår for tilsette
- Eventuell arbeidsplan eller tilsvarande styringsdokument
- Framlegg til representantskapet om budsjett, rekneskap og årsmelding
- Økonomireglement
- Vedtak om kontorstad
- Eventuell instruks eller tilsvarande for dagleg leiar

4 Tilsette

Verksemda hadde 2 tilsette der begge har heil stilling. Dagleg leiar Arnar Helgheim og rådgjevar Audhild Ragni Vie Alme. Årsløna til dagleg leiar er pr 31.12.21 på kr 850.720,-.

Reiseutgifter for tilsette vert dekkja etter statens regulativ og andre utgifter etter dokumentert rekning. Tilsette følgjer dei til ei kvar tid gjeldande lover, forskrifter og avtaler i KS-området. For utfyllande reglar, har styret vedteke at SEKOM sekretariat følgjer reglementa i Sunnfjord kommune.

5 Arbeidsåret 2022

	Møte	Saker
Styre	4	27
Representantskap	2	14

Arbeidsplan - status

Dagleg leiar rapporterer til styre og representantskap om gjennomføring av arbeidsplan som vert vedteken saman med budsjett. Dette er tilgjengeleg på www.sekom.no men er ikkje ein del av den formelle årsmeldinga frå selskapet til eigarane.

5.1 Kontrollutvala

2022 var det tredje året i den nye kommunestyreperioden. Alle kommunestyra gjorde vedtak om kontrollutvalsplan i god tid før årsslutt 2020 slik fristen er i kommunelova. I 2022 var difor den viktigaste oppgåva å gjere mest mogeleg av dei planlagde prosjekta.

På grunn av smittevern, var nokre av møta tidleg på året videomøte ved hjelp av Teams. Kvart utval rapporterer til sitt kommunestyre med årsmelding og i saker der det er aktuelt.

	Møte	Saker
Askvoll	5	40
Bremanger	7	48
Fjaler	5	37
Gloppen	5	37
Gulen	5	35
Hyllestad	4	31
Sølund	4	30
Stryn	8	60
Sunnfjord	9	78
	52	396

I tillegg deltok utvala på kontrollutvalsdagen 29.9.22. Dette var eit fellesopplegg mellom Forum for kontroll og tilsyn (FKT) og NKRF – kontroll og revisjon i kommunene. SEKOM var lokal arrangør saman med lokallaget i NKRF og sekretariatet for Vestland fylkeskommune.

6 Økonomi

6.1 Utdrag frå rekneskap 2022

	Rekneskap 2022	Budsjett 2022 Revidert	Budsjett 2022 Oppr.	Rekneskap 2021
Lønsutgifter	2 100 797	2 103 000	2 103 000	2 155 842
Andre utgifter	361 723	353 000	353 000	300 800
Brutto utgifter	2 462 520	2 456 000	2 456 000	2 456 642
Inntekter	-91 520	-85 000	-85 000	-298 638
Netto (= overføring frå eigarane)	2 371 000	2 371 000	2 371 000	2 158 004

6.2 Avslutning av rekneskapen

Ved avslutning av rekneskap 2022 var det eit udekket beløp på kr 7.505. Dette er dekket inn ved tilsvarende auke i bruk av disposisjonsfond.

Budsjettet bruk av fond	-41 000
Avslutning av rekneskapet	-7 505
Sum bruk av disposisjonsfond	-48 505

6.3 Disposisjonsfond

Etter tidlegare vedtak, er disposisjonsfondet delt i 2:

- Pensjonsfond som er innbetalt av kommunar som gjekk ut av selskapet 1.1.2020
- Bufferfond som er ubrukne midlar tidlegare år.

	Pr 1.1.22	Endring 2022	Pr 31.12.22
Bufferfond	196 093	- 7 505	188 588
Pensjonsfond (kommunar som gjekk ut)	441 598	- 41 000	400 598
Sum balanseført	637 691	- 48 505	589 186

6.4 Pensjon

Pensjonskostnadane er den største usikkerheita i SEKOM sin økonomi. SEKOM betalar dei samla pensjonskostnadane kvart år, utan premieavvik og amortisering. Rekneskapsført pensjonskostnad kvart år vil difor svinge meir enn hjå kommunane sjølv om kostnaden over tid vert den same.

	2019	2020	2021	2022
Pensjonskostnad	315 307	189 036	408 129	265 403

Selskapet dekket reguleringspremie for ein høgare del pensjonistar enn det som er vanleg hjå kommunane. Sidan vi berre har 2 stillingar, kan dette gi vesentleg utslag og SEKOM sekretariat kjem difor ut med høgare pensjonsutgifter målt i prosent av løna enn kommunane.

SEKOM har opparbeidd eit premiefond i KLP som berre kan nyttast til å dekke framtidige pensjonskostnader:

Premiefond KLP	Beløp
Saldo pr 31.12.22	132 565

6.5 Ressursbruk og avrekning

Vi fører timelister fordelt på kommunane og felles/administrasjon. Reiseutgifter til og frå kontrollutvalsmøte vert ført på fellesutgifter. Eigarkommunane har gjennom samarbeidsavtale, bestemt slik fordeling av driftstilskot til SEKOM sekretariat:

- Fast del 25%
- Etter tidsbruk 25%
- Etter folketal 50%

Avrekning for 2022 etter vedteken fordelingsnøkkel:

Kommune	Folketal 1.1.22	Tids- fordeling	Folketal 50%	Tid 25%	Fast 25%	R2022	Betalt	Avrekning 2023
Askvoll	2 951	9,2 %	71 602	54 775	65 861	192 238	192 000	238
Bremanger	3 521	9,1 %	85 432	54 162	65 861	205 456	207 000	-1 544
Fjaler	2 901	11,7 %	70 389	69 125	65 861	205 375	188 000	17 375
Gloppen	5 875	10,4 %	142 549	61 483	65 861	269 893	268 000	1 893
Gulen	2 230	12,1 %	54 108	71 983	65 861	191 952	174 000	17 952
Hyllestad	1 290	6,7 %	31 300	39 666	65 861	136 828	145 000	-8 172
Solund	768	9,9 %	18 635	58 770	65 861	143 266	121 000	22 266
Stryn	7 207	10,5 %	174 868	62 125	65 861	302 854	298 000	4 854
Sunnfjord	22 116	20,4 %	536 616	120 662	65 861	723 139	778 000	-54 861
	48 859	100,0 %	1 185 500	592 750	592 750	2 371 000	2 371 000	0

Nedanfor er oversikt over tidsbruk dei siste 3 åra. Merk at SEKOM hadde 1,6 stilling totalt i perioden mars 2020 til februar 2021.

Kommune	2022 - timar	2021 - timar	2020 - timar	Snitt
Askvoll	287,1	260,7	187,8	245,2
Bremanger	245,8	273,1	185,7	234,9
Fjaler	274,1	239,7	237,0	250,3
Gloppen	303,6	260,7	210,8	258,4
Gulen	258,1	253,0	246,8	252,6
Hyllestad	134,4	155,7	136,0	142,0
Solund	234,6	239,7	201,5	225,3
Stryn	258,3	204,6	213,0	225,3
Sunnfjord	442,6	555,2	413,7	470,5
Timar fordeling	2438,6	2442,22	2032,3	2304,4
Administrasjon	609,2	476,0	474,1	519,8
Reiser	158,8	164,5	227,5	183,6
Timar totalt	3206,5	3082,7	2733,9	3007,7

7 Andre tilhøve

7.1 Personvern

SEKOM sekretariat har slutta seg til felles personvernombod gjennom Forum for kontroll og tilsyn (FKT). Denne ordninga gjekk ut 31.12.22 og SEKOM er i ferd med å inngå avtale med sekretariatsselskapet i Trøndelag om at dei tek på seg funksjonen på same vilkår som FKT. Plan for informasjonstryggleik er vedteken av styret 18.6.19 og personvernerklæring er vedteken av dagleg leiar med heimel i planen. Personvern har også eigen meny på nettsida.

7.2 Arkivansvar

Sidan kommunedirektøren ikkje har instruksjonsmynde over kontrollutvalet sitt sekretariat, har selskapet sjølvstendig ansvar for at dokumentasjonen vert sikra og tilgjengeleg etter same standard som annan kommunal informasjon.

Gjennom arbeidsplan har styret vedteke at kontrollutvala og selskapet sine dokument skal vere minst like tilgjengelege for ålmenta som dokument i eigarkommunane.

I 2021 gjorde rådgjevar ein omfattande jobb med å gå gjennom heile papirarkivet. Dette er no rydda og vi leiger plass til dette i Sunnfjord kommune sitt fjernarkiv. Arkivplanen vart oppdatert etter dette arbeidet i november 2021.

7.3 Likestilling

Det er ein kvinneleg og ein mannleg medarbeidar. Styret var sett saman av 3 kvinner og 2 menn. Av faste medlemar i representantskapet (eigarorganet) er det 7 menn og 2 kvinner.

7.4 Arbeidsmiljø

Det har ikkje vore registrert fysiske skader eller ulukker i 2022. Selskapet har godt eigna lokale i Sunnfjord rådhus som er grunnlag for eit godt fysisk arbeidsmiljø. Hausten 2022 flytta vi frå 3. til 5 etasje der vi har 2 enkeltkontor tilsvarande dei vi flytta frå. Lokalisering saman med ein kommuneadministrasjon gir også eit større arbeidsfellesskap, noko som er nyttig for eit selskap med berre 2 tilsette.

På grunn av pandemien, har dei tilsette i periodar tidleg i 2022 nytta heimekontor.

7.5 Ytre miljø

SEKOM sekretariat si verksemd forureinar ikkje det ytre miljø.

7.6 Meir om selskapet

Meir om SEKOM sekretariat finn de på www.sekom.no. Her er all møteinformasjon og postjournal med søkemoglegheiter både for sjølve selskapet og kontrollutvala.

Styret for SEKOM sekretariat

Per Rune Vereide
Styreleiar

Inger Jorun Årseth
Nestleiar

Merete Haugsdal

Arild Horsevik